– Me prøver formidla den gamle kulturen

Det er tjue år sidan opninga av Liastølen, og folk hadde funne fram finstasen då Solveig Sandberg inviterte til pynting av brudepar.

EVEN DESSAU
even@avisa-valdres.no

FIKSAR HÅRET: *Ingrid Elise Bråten blir pynta til brud av bunadsekspertane Bodil Enger (t.v.) og Grethe Rudi Bråten. Det er ikkje småtteri ho skal ha på seg før ho er ferdig.*

BEITOSTØLEN: Noko faktisk bryllaup var det ikkje snakk om, men formidling av gamle klestradisjonar og bryllaupsskikkar.

Kanskje ein kan kalla det eit slags moteshow, der moten som vart vist fram ikkje var av aller nyaste dato.

Men dei to «brudene», Ingrid Elise Bråten og Merete Hovi, stilte gjerne opp for å visa fram gamle brudeklede slik ei brud i Valdres kan ha båra dei tidleg på 1800-talet.

Rike tradisjonar

Dei to vart kledde i svært ulike drakter, sjølv om dei stamma frå same tidsepoke.

– Det var rike folkedrakttradisjonar i Valdres, og stor variasjon. Det var ganske stor forskjell på draktene i øvre og søre del av Valdres. Det har nok å gjera med kvar handelsrutene gikk. I Vang og Slidre var den viktigaste ruta kongevegen til Bergen, medan lenger sør var ein orientert meir mot Austlandet, forklarte folkedrakteksperten Bodil Enger.

Kleda var utlånte av Vang Bygdekvinnelag og Valdres Folkedraktsaum.

Også i gamle dagar var det vanleg at ein ikkje eigde brudeklærne sjølv. Bryllaupsdrakter som dette vart gjerne utleigd. Dette var gjerne ein måte prestegarden skaffa seg litt ekstra inntekter, fortel ho.

Publikum vart underhaldne med drakthistorie og song medan brudene vart pynta og kledde opp.

Det var berre éin «brudgom» til stades, Atle Hovi. Han var til gjengjeld sporty nok til å ta ei brud på kvar arm, før dei vart henta i hest og vogn.

Akkompagnert av felespel bar det ut på ein liten rundtur på Beitostølen, følgt av eit noko heseblesande opptog som streva med å halda følgje med dei ganske fyrige hestane.

Følgjet enda på Heimatt, der det vart gjestebod med rummegraut og feiring av Liastølens tjueårsjubileum.

Holder liv i det gamle

Alt dette skjedde altså midt mellom bensinstasjonar og campinghytter på Beitostølen, der Liastølen står som ein relikvie av den gamle stølskulturen som fanst her for 200-300 år sidan.

– Me prøver å halda på og formidla den gamle kulturen så han ikkje blir heilt borte, fortel Solveig Sandberg.

Sandberg har drive stølen heilt sidan ho tok den over frå faren sin for tjue år sidan. Kvar helg gjennom sommaren er det ulike kulturelle arrangement her oppe.

– Det er veldig hyggjeleg å driva her. Viss eg spør nokon om å vera med på eit arrangement på Liastølen, er det ingen som seier nei.

FELESPEL: *«Brudefølgjet» leda av felespelar Mari Ormberg.*

FINSTAS: *To ferdig pynta bruder, Ingrid Elise Bråten (t.v.) og Merete Hovi med «brudgom» Atle Hovi mellom seg.*

HEST OG VOGN: *Brudefølgjet forlét Liastølen på standsmessig vis.*

AVMARSJ: *«Brudefølgje» gjennom Beitostølen.*

«BRUDGOM»: *Atle Hovi stilte som «brudgom» og hadde to bruder ved si side, kona Merete Hovi (t.h.) og Ingrid Elise Bråten.*

FYRIGE: *Eit par fyrige hestar var fremst i opptoget.*